

## Innspel framtidens skulestruktur

Ikkje legg ned bygdene i Ulstein kommune.

At Ulstein kommune har stor gjeld er ei kjensgjerning, og sjølvsagt noko ein ikkje skal blåse av og feie under teppet. Det må takast på alvor. Men at kommunedirektør Larsen og ordførar Engh i spissen i det heile tatt vurderar å leggje ned Haddal skule, som eit alternativ for å spare pengar synas teg er BEINT FRAM FREKT!! Spesielt frå Engh si side, då dette med å bevare skulestrukturen var noko Ulstein FrP gjekk til val på ved forrige kommuneval. Kva er eigentleg demokratiet verdt då?

Lat det også vere sagt, om ein ser vekk i frå heile saka om nedlegging av skular/ending av skulestrukturen, har eg ingenting å utsetje på innsatsen elles til Engh som ordførar i Ulstein kommune.

I denne debatten om skulenedlegging blir ofte den forhatte og urettferdige eigedomskatten trekt inn. Ein skatt eg i utgangspunktet er sterkt imot, då ein betalar skatt på noko som vanlegvis «banken eig», om ein ikkje er økonomisk sterk nok til å betale eigedomen/huset/bustaden den dagen ein flyttar inn.

No skal ein vere forsiktig med å setje bygd opp mot by, då eg trur at vi som samfunn treng begge deler, der samarbeid og utfylling av kvarandre er det som tenar samfunnet og innbyggjarane best.

- Men, dei største og tyngste investeringane i kommunen, som der igjen har gjort kommunen so gjeldstyngt som ho er i dag, har dei seinare åra blitt innoverande og utom Strandkrysset. Der tenkjer eg dei fleste er godt opplyste, og for all del, Ulsteinvik har fått eit flott og tenleg sentrum.

Men det har som alle veit kosta, og eg tørr ikkje å tenkje på kor mange grendaskular som kunne vore drifta i uoverskuelig framtid, berre i konsulentonorar til aktørar som har vore inne i bildet mtp. utvikling/oppbygging av sentrum.

Det at enkelte i kommunen delvis legg til grunn lavare fødselstal og aldrande befolkning som ein del av endingane dei meiner må til i skulestrukturen for å betre kommuneøkonomien, ser eg meir på som krisemaksimering. Med slik tankegang kan ein no like godt berre setje seg ned «å vente på det uunngåelige». Like sikkert som at vi alle kjem til å «stemple ut» på eit eller anna tidspunkt ein dag, så er det like sikkert at folk fortsatt kjem til å lage born. Men, kanskje ikkje så mange då vi som føresette dessverre må bruke tid og energi på for eksempel tema som skulenedlegging.

Har ein fyrst lagt ned ein grendaskule, so ser eg dessverre føre meg at den forblir nedlagt uansett befolkningsvekst/høgare fødselstal. Då meiner eg at det må vere langt enklare å «sjonglere med litt

eigedomskatt att å fram», enn å sjonglere med borna våre. Meinat Engh heller burde gå for å frede Haddal skule, i alle fall i ei tiårsperiode, eller så lenge skulen har eit greit tal på elevar. Dette hadde våre betre slik at barnefamiliar faktisk då kunne tenkje seg å busetje seg for eksempel i det kommunale byggjefeltet, som er eit steinkast i frå skule og barnehage, utan og måtte leve med trugsmål fleire gongar i året om at skulen og nærmiljøet skal bli nedlagt.

Men so var det no denne eigedomskatten som blei innført i Ulstein kommune for ei tid tilbake. Den vart innført for å prøve å bøte på eit (etter mi meining) økonomisk vanstyre over tid. Vil med det også få fram at eg ikkje skuldar dagens styrande politikarar for noko som helst. Eg er prinsipielt imot eigedomskatt då eg eigentleg synast det er blitt dyrt nok, berre det å eksistere. Men om det er det som skal må til framover ei periode for å bevare Haddal skule, so gjer eg det (nesten) med glede. Akkurat slik eg allereie betalar eigedomskatt på eigedomen her i Ringstaddalen, slik at eg kan vere med å finansiere det økonomiske uføret kommuna allereie har havna i av ulike grunnar. Lyt berre køyre på med litt ekstra overtidstimar for å betale skatt oppatt på skatten.

Samtidig er eg redd for at eigedomskatten blir ei sovepute. Men eg er like fullt møkklei av å gå å føle at drift av Haddal skule (i allefall slik Larsen og Engh frontar det) er både økonomisk uhensiktsmessig og medverkande til at kommuneøkonomien går til blokksberg! Eg finn meg rett og slett ikkje i dette tøvet frå nedleggingsforkjemparane, for det er faktisk ikkje Haddal skule sin feil at kommuneøkonomien er køyrt i grøfta!!

Eg er i allefall ikkje i tvil, sambuaren min og eg vil gjere alt vi kan for at 2 og 4 åringer skal få gå på Haddal skule. Til det kan eg berre tilføye at 4 åringer ser ned på skulen kvar dag når han blir henta i barnehagen, å seier:

- Sjå, der e skulen ej skal bjunde på når ej e 6 år!
- Og då seier eg til arvingen: Ja, de e heilt sant!

No vil eg ha ein slutt på tøvet om skulenedlegging. Ulstein som heilheitleg kommune treng dei få attlevande grendaskulane for å halde liv i bygdene, og for å gjere HEILE kommuna attraktiv.

Vil tilslutt tilføye at innlegget kanskje kan verke litt rotete skrevet. Men eg trur og håpar at eg får fram budskapet. Eg sit på fritida mi å skriv dette, og forkjemparane for skulenedlegging har betaling medan dei sit å vurderar å rasere litt bygder her og der. Feige lag...

- Erlend Drage